

Protokoll frå ekstraordinært styremøte i Helse Førde HF

Tid: 1. mars 2006, kl. 14.00 – 16.10

Stad: Førde sentralsjukehus, møterom 4

Styremøtet var ope for publikum og presse.

Følgjande sak var lagt fram til behandling:

OPEN DEL		
Sak 008/06 O	Off	Administrerande direktør sin orientering
LUKKA DEL		
Sak 008/06 O	Ikkje off Off.l. §5	Administrerande direktør sin orientering
<u>Deltakarar frå styret:</u> Clara Øberg, styreleiar Kjell Opseth, nestleiar Bodil Førde Reidun K. Halland Knut C. Schönberg Helge E. Bryne Arthur Norevik, tilsetterepr. Kjell Nygård, tilsetterepr. Anne June Iversen Huus, tilsetterepr. <u>Frå administrasjonen:</u> Administrerande direktør Jon Bolstad Informasjonssjef Vidar Vie Konsulent Berit Irene Haarklau (ref) <u>Andre til stades:</u>		

OPEN DEL

Styreleiar Clara Øberg ønska velkomen til ekstraordinært styremøte. Møtet vart inndelt i først ein open del, så lukka del, og deretter møte med pressa.

SAK 008/06 O Administrerande direktør sin orientering

OFF

Møtet hadde først ein open del der administrerande direktør Jon Bolstad gjorde greie for sakene som har vore omtala i media dei siste vekene, og medlemmane i styret fekk høve til å stille spørsmål til hans utgreiing.

Møtet vart etterpå lukka fordi saka også inneheldt personalmessige forhold.

LUKKA DEL**SAK 008/06 O Administrerende direktør sin orientering**

IKKJE OFF

Off.l. §5

Styret gjorde følgjande **vedtak**:

1. Styret tek orienteringa frå administrerende direktør til etterretning
 2. Styret sluttar seg til vedlagde uttale knytt til dei aktuelle mediesaker.
-

Uttalen frå styret ligg ved.

ORIENTERING

FRÅ

STYRET I HELSE FØRDE HF

Følgjande vart einstemming uttale frå styret i Helse Førde HF:

1. Styret tek til etterretning adm. direktør si orientering om innkjøp av møblar. Styret meiner at det burde vore kjøpt rimelegare møblar og er nøgd med at adm. direktør orsaka dette innkjøpet.
2. Styret tek til etterretning adm. direktør si orientering om tidlegare tilsettingssaker. Styret tek vidare til etterretning at adm. direktør ønskjer å vise større varsemd i personalsaker framover, og at ledige stillingar skal lysast ut.
3. Styret tek til etterretning adm. direktør si orientering om media sine påstandar om manglande openheit i Helse Førde. Styret er nøgd med at adm. direktør har sett i gang ein intern prosess i helseføretaket for å betre dette. Styret ber om å bli orientert.
4. Styret tek til etterretning orienteringa frå administrerande direktør om ortopediklinikken i Lærdal og tilsynssaka frå Helsetilsynet datert 17.02.2006. Styret legg til grunn at rettane til fritt sjukehusval vert fulgt opp på alle punkt også ved ortopediklinikken i Lærdal.

Møtet slutta kl. 16.10

På vegne av styret i Helse Førde HF

Clara Øberg
- Styreleiar -

Clara Øberg
styreleiar

Kjell Opseth
nestleiar

Bodil Førde

Reidun K. Halland

Knut C. Schønberg

Helge E. Bryne

Arthur Norevik
tilsetterepr.

Kjell Nygård
tilsetterepr.

Anne June Iversen Huus
tilsetterepr.

Ref. Berit Irene Haarklau
Førde, 1. mars 2006